



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.: 201103184-/HEG

Vår dato: 30.05.2012

Vår ref.: 2012/3448

Arkivnr.: 632.0

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement
Postboks 8036 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høring - Forskrift om kommunal plikt til internkontroll med oppfyllelsen av kommunale plikter etter introduksjonsloven

Vi viser til brev av 26.03.12. Fylkesmannen i Rogaland har vurdert framlegget til forskrift om plikt til internkontroll og ser det som positivt at det kjem ei forskrift om plikt til internkontroll også på dette området.

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje særlege merknader til sjølve forskrifta. Men vi har merka oss at det ikkje er gitt heimel for at Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunen sitt internkontrollsystem. Når det no kjem ei høring knytt til forskrift om plikta til internkontroll, finn Fylkesmannen i Rogaland det naturleg å nemne at vi saknar ein slik heimel.

Vi vil vise til at plikta til internkontroll vil gå fram av ny § 24 i introduksjonslova som trer i kraft 1. september d.å., jf. dette i endringslov til introduksjonslova. I same lova går heimel for Fylkesmannen sitt tilsyn fram i ny § 23 i introduksjonslova. Her står det:

” Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunens oppfyllelse av plikter etter kapitlene 2 til 4 og § 25 tredje og fjerde ledd.

Reglene i kommuneloven kapittel 10 A gjelder for tilsyn etter første ledd.

Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om tilsynet. ”

Etter dette omfattar altså ikkje Fylkesmannen sitt tilsyn ny § 24 om plikt til internkontrollsystem. Vi vil peike på at Fylkesmannen har heimel til å føre tilsyn med kommunane sitt internkontrollsystem etter opplæringslova, og at det er lagt opp til tilsvarande ordning for internkontrollplikta i framlegg til ny barnehagelov (dagens lov har ikkje nokon slik regel). Vi er spørjande til om det er eit bevisst val frå lovgivar si side å utelate kommunens internkontroll frå Fylkesmannen sitt tilsynsansvar etter introduksjonslova. Dersom lovgivar bevisst har utelate dette, er det vårt syn at det bør kommenterast og grunngiast, sidan det altså blir ein annan heimel i denne lova enn t.d. i barnehagelova og opplæringslova.

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl
utdanningsdirektør

Maren Skåden
rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Maren Skåden
Saksbehandlar telefon:
E-post: maren.skaden@fmro.no